

**Fra:** Eivind Skjerven (eivind.skjerven@gmail.com)  
**Sendt:** 25.03.2014 11:51:48  
**Til:** Ingeborg Borgen Takle  
**Kopi:** Margot Bertheussen; Kåre Ystanes (kaare.ystanes@kinsarvik.net)

**Emne:** Re: Islandsturen - oppdatering

**Vedlegg:**

Hei Ingeborg!

Eg skal prøve å svare på spørsmåla dine.

Billettane blir skrivne ut på namn først når fristen for ulike endringar går ut og oppgjeret er sendt for heile turen/opphaldet til reisebyrået. Dei opplyste i telefonen i dag at det blir e-tickets.

Det blir sekretærene i Rogaland og Hordaland som blir informerte om dette for si gruppe.

(For vårt fylke blir det underskrivne sidan vår sekretær ikkje blir med på turen).

Vi møter i god tid før avreise på Flesland, ca 2 timar før og vi reiser i samla gruppe med same fly. (Rogaland har ordna med tilknytingsbillettar gjennom Travelnet Fjordane Reisebyrå).

Eg har purra på opplysningar vedk. programmet som eg hadde håpa eg skulle få klatt denne veka. No reiser eg til Berlin på fredag for å springe 1/2 Berlin Maraton så det kan vel bli litt vanskeleg. De har no fått sjølve programmet. frå reisebyrået. Det er personar til omvisningane eg ventar på svar om.

Det kjem så snart alt er i boks!

Eg har drøfta med leiarane om eit fellesmøte der heile rådet er med. Eg tek mot framlegg om saker med takk!

No er det sol og fint ver, så eg må ut å ha ei skikkeleg gjennomkøyring!

Ha ein fin dag i flott ver!

Helsing  
Eivind

2014-03-24 11:18 GMT+01:00 Ingeborg Borgen Takle <[Ingeborg.Borgen.Takle@hfk.no](mailto:Ingeborg.Borgen.Takle@hfk.no)>:

Hei, Eivind

Eg håpar alt går bra med førebuinga av turen til Island ☺

AU hadde nokre spørsmål om turen som eg her tar vidare med deg:

- Når kan vi få informasjon om billettane? Eg reknar med at det er e-tickets.
- Kjem alle til å reise frå Bergen? Eller møtast vi på Island?
- Det var snakk om eit fellesmøte; gjeld det berre leiar og nestleiar i dei tre råda eller var det tenkt med alle rådsmedlemar?

På førehand; takk for hjelpa! ☺

Med venleg helsing

**Ingeborg Borgen Takle**

Rådgivar administrasjonsseksjonen

Organisasjonsavdelinga

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf. [55 23 92 81](tel:55239281)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

--

Eivind Skjerven  
Leiar Sogn og Fjordane Eldreråd  
Postboks 72  
N-6781 Stryn (Norway)  
E-post: [eivind.skjerven@gmail.com](mailto:eivind.skjerven@gmail.com)  
Facebook: [facebook.com/eivind.skjerven](https://www.facebook.com/eivind.skjerven)  
Twitter: [http://twitter.com/Eivind\\_Skjerven](http://twitter.com/Eivind_Skjerven)  
LinkedIn: <http://no.linkedin.com/in/eivindskjerven>  
Tel: (+47) 57 87 12 00  
Mob: (+47) 93 42 32 65